



MØTEBOK

Møte: 5-2017
Møtedato: Onsdag 25.10.2017
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Trygve Totland, Solfrid Lønning, Berit Hallaråker, Odd Kåre Sakseid, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse møte ikkje: Elisabeth Bjørnevik (1. og 2. vara vart kalla inn men kunne ikkje) og Sammy Olsen.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2017-05-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 4 – 2017 vart godkjent.

2017-05-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. - FELLESRÅDSFORUM

Det vart informert om Nettverk for kyrkjelege fellesråd som er under etablering og utviding. Mange store fellesråd har gått saman i nettverk for erfaringsdeling og samarbeid. Spørsmålet vart reist om Bømlo kyrkjelege fellesråd skal verta med i dette fellesskapet, og når. Det vart konkludert, utan formelt vedtak, om at fellesrådet kan vente med vedtak til det kjem ei konkret invitasjon eller når ein har fått informert seg betre.

2. - PROGRESJON RUNDT FOLDRØY GRAVPLAS

Det vart informert om prosjektførespurnaden frå kommunen for utbetring av fasilitetane ved Foldrøy gravplass for 2018. God dialog med Foldrøy vel om planane. Ulike løysingar som må vurderast og drøftast.

3. - FAGDAG I ETNE: KYRKJEBYGGKONFERANSE

Etter informasjon om kyrkjebyggkonferansen meldte Trygve Totland og Trygve Leigland si interesse.

4. - HØYRING: Ny lov om tros- og livssynssamfunn.

Må her sette seg meir inn i kva høyring går ut på. Det var opplyst om eit møte i Bergen om tema, som fleire (Mona, Roald og Trygve L) meldte si interesse om. Vart også snakka om prosessen i det, om sokneråda skulle uttale seg for seg sjølv og fellesrådet på vegne av fellesrådet.

Saker som vert tilføyd på møtet:

5. – Info om ny liturgi.

Det vart informert om skriv frå Det kongeleg kulturdepartemente ang. soknemøtet sin myndigheit. Nokre nøkkelpunkt frå skrivet vart lese.

6. Lønsjustering for kyrkjevevje.

Det vart informert om lønsjustering på kyrkjevevje.

7. Informasjon om gravferdsplanen.

Ola Ersland og Trygve L. har i haust jobba med å revidere gravferdsplanen. Det vart teke ein runde med gravar Jan Kåre Hallaråker, kyrkjegardsarbeidar Åse Berit Haldorsen, kyrkjevevje Trygve Leigland og Ola Ersland for å sjå på forholda på dei ulike gravplassane. Nokre av momenta som vart snakka om var:

- Mogelegheiter for to graver i dybda på felt der dette kunne vera rå å etablere. (D-feltet på Lykling, Bremnes gamle gravplass)
- Tankar om gjenbruk av Gåsland vart nemnd.
- Det må opplysast om mogelegheitene og fordelene av kremasjon og urnenedsetting. Og det må opplysast om mogelegheiter for symbolsk flytting. Det siste kan komme som informasjon i same runden som festeavgiftene vert sendt ut.

8. Orgelet på Moster

Orgelet i Moster kyrkje er øydelagt. Kyrkjevevje vert beden om å informera rådmann og økonomisjef om tilstanden. Fram til nytt orgel er på plass må det kome på plass ein leigeavtale med Moster Amfi om leige av orgelet i Amfi salen.

2017-05-03 KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL

Det vart gjeven ei kort forklaring på av nokre nøkkeltak i rapporten.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2017 til vitande.

2017-05-04 BUDSJETT 2018

Vedtak:

1. DRIFTSBUDSJETT 2018

Bømlo kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja vurdere budsjettet i lys av festeavgiftprognosa for 2018 og variasjonane i 5 års syklusen ein er inne i. Fellesrådet bed om å få budsjettet til handsaming igjen på neste møte.

2. INVESTERINGSBUDSJETT 2018 – 2021

Bruk av investeringsmidlar for 2018 på 1,1 mill skal nyttast slik:

PRIORITERING	2018	2019	2020	2021	2022
Gangveg, lys og mur på Foldrøy gravplass (kom.øsk)	1 - 300'				
Oppretting restaurering av muren ved Bømlo gml.kr.	2 - 300'				
Ny miksepult i Bømlo kyrkje	3 - 100'				
Steinheller kring Moster kyrkje	4 - 150'				
Planlegging og oppfyljing av gravfelt D Lykling	5 - 240'	2 000'			
Planlegging og oppgradering av Bømlo kyrkje		4 000'			
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard			4 000'	3 000'	
Brannsikre skap til gjenstandar av høy verdi				250'	
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje			100'	2000'	2 000'
Planlegging av gravplassutviding på Moster					200'
GPS-utstyr til kyrkjegardane					
Sum	1 090'	6 000'	4 100'	5 350'	2 200'

3. Bømlo kyrkjelege fellesråd ber om løyving frå kommunen på 8 170 040,- til drift i 2018 (inkl. verdsetting av tenestekjøp frå kommunen med 268 770,-)

4. Bømlo kyrkjelege fellesråd ber om løyving frå kommunen på 1 090 000,- til investeringar for 2018.

5. På grunn av at orgelet i Moster ikkje kan nyttast lenger og det ikkje kan tilrådas å reparera det (sjå vedlegd rapport), ber fellesrådet kyrkjevevja vurdere ein revisjon av langtidsbudsjettet. Samstundes ber ein om at det vert sett i gong ein dialog med Bømlo kommune om korleis ein kan få starta opp prosessen med å finansiera prosjektet med nytt orgel.

2017-05-05 KONFIRMANTAR PÅ FOLDRØY

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd bed representantar frå Moster sokn om å laga eit forslag til neste møte til formulering av ei spørjeundersøking vedrørande ei eventuell grensejustering for soknet sett i lys av utfordringa rundt konfirmantarbeidet og dei andre trusopplæringstiltaka.

2017-05-06 OMDISPONERING AV INVESTERINGSMIDLAR.

Vedtak:

Bømlo kyrkjeleg fellesråd vedtek føreslått endringar for investeringsmidlar for 2017:

- 0,- Prosjekt «Rullering av gravferdsplan»*
- 450 000,- Prosjekt «Utbetring av fasilitetane på Lykling kyrkjegard»*
- 20 000,- Ferdigstilling av parkeringsområde rundt Lykling kyrkje.*

Differansen mellom budsjetterte midlar til Prosjekt «Utbetringa av fasilitetane på Lykling kyrkjegard» og reell pristilbod vert teke av drift.

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje